



Ivar Gundersen på bustadområdet i Halsabrotet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Prosjekt Konsult Kvinnherad AS har no, på vegne av grunneigar Ivar Gundersen, søkt om utleggjing til offentlig ettersyn reguleringsplanen for det fem mål store området rundt "Arnesen-huset" sentralt i Uskedalen.**

**Kommunestyret godkjende for knapt eitt år sidan oppstart av privat reguleringsarbeid her. Gundersen har kjøpt området i Halsabrotet av Kjetil Dagestad.**

Planen går ut på bygging av sju bustader som konsentrert og tre bustader som frittliggjande småhusbebyggelse. Prosjekt Konsult vonar at planen kan realitetshandsamast i forvaltningskomiteen snarast råd.

Dei sju konsentrerte bustadene vil liggja øverst og dei tre frittliggjande nederst i området. Dei frittliggjande får ei mønehøgde på 8,5 meter medan mønehøgda på dei konsentrerte blir ni meter. Tillatt bebygd areal skal ikkje overskride 40 prosent av området.

Det heiter i planen at det skal takast omsyn til eksisterande byggjeskikk (mønehøgde, takvinkel, materialval og farge) og til vegetasjon og terreng.

Kultur- og idrettsavdelinga i fylkeskommunen har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle området, men påpeikar at det er gjort fleire funn i Uskedalen.

Etter ei vurdering av planområdet finn avdelinga det difor nødvendig å gjennomføre ei synfaring før dei kan gje fråsegn til planen, for å vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje regulerte kulturminne. Synfaringa vil verta gjort så raskt råd er.

Statens vegvesen skriv at eksisterande avkøyring frå riksveg 48 nordvest i planområdet må nyttast slik at tilkomst til planområdet må løysast via lokalt vegnett.

Naboar har også uttala seg. Monica T. Storevik/Frode Myklebust og Jorunn G. Myklebust/Otto Myklebust vil komme med merknader hvis dei planlagde husa blir prosjektert med høgder som tar utsikt.

Inger Elise Helgeland vonar at prosjektet vert lagt i terrenget og ikkje tek bort utsikt frå hennar eigedom.

Av Ola Matti Mathisen